



**FLØHOLMEN AS.**  
**Gnr. 27 Kvalheim øvre i Radøy kommune, bnr. 12.**  
**Småbåthamn i næringsområde.**  
**Dialog.**  
**Oppsummering 24. 02. 2015.**

---

**Innhald :**

Problemstilling :	1
Oppsummering :	1
1. Førehandskonferanse 02. 03. 2009	1
2. Nabovarsel 25. 03. 2009	1
3. Søknad om tiltak : småbåthamn og planering	1
4. Etter dette vedtaket	2
5. Så snart det var klart	2
6. Oppstart av arbeid med reguleringsplan	2
7. Framlegg til reguleringsplan	2
8. Etter dette vedtaket om offentlig ettersyn	3
9. Reviderte plandokument	3
10. Etter dette er følgende gjort (mellom anna) :	3
11. Forstå Fløholmen - moment :	3
Konklusjon	4

**Problemstilling :**

Kva må til for at den planlagde utvidinga av småbåthamna skal kunna gjennomførast ?.

**Oppsummering :**

**1. Førehandskonferanse 02. 03. 2009**

*Det vart orientert om planane : utviding av eksisterande småbåthamn og tilrettelegging for båtservice på land i og utafor eksisterande bygg, med sambruk av areal og anlegg (parkering, sanitæranlegg osv.)*

*Kommunens representant gav i møtet uttrykk for ei positiv innstilling til at småbåthamna og planeringa av industriområdet kunne omsøkjast som tiltak*

**2. Nabovarsel**

*vart sendt 24. 03. 2009, med kopi til kommunen. Varselet vart sendt til Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, som eigar / forvaltar av bnr. 81 (fylkesvegen).*

*Fylkeskommunen skriv 07. 05. 2009 at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne i området, men likevel vil foreta ei synfaring før dei gjev endeleg fråsegn. Frå vegvesenet kom det ingen merknader til nabovarselet.*

**3. Søknad om tiltak : småbåthamn og planering**

*vart handsama av HPLT i møte 04. 11. 2009 , sak PLT-108/09 :*

**Sakshandsamar si vurdering:**

Tiltak som har med tilrettelegginga av flytebryggje/båthamn å gjera, og i det omfang det her vert søkt om og som ikkje er i tråd med planen og dessutan ligg innafor byggjeforbudet i 100-metersbeltet langs sjø, bør ikkje handsamast som dispensasjonssak - jf føringar frå Fylkesmannen - men som søknad om planendring/ny reguleringsplan. Kommunen kan heller ikkje gi rammeløyve for desse arbeida etter delegasjonsreglementet før det ligg føre endra planstatus for området / dispensasjon. Det vert i denne samanheng vist til tidlegare tilsendte skriv frå kommunen datert 02.04.09 samt 23.06.09 og i tillegg også opplysa om at det er høve å koma med innspel til endringar i gjeldande kommuneplan som no er under revisjon.

Dersom Hovudutval for plan, landbruk og teknisk vel å gi dispensasjon, er det likevel Fylkesmannen som fattar endeleg vedtak i saka.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk vurderer omfanget av det omsøkte tiltaket som vesentleg. Å handsama søknaden som ei mindre vesentleg endring det kan gjevast dispensasjon til, vert avslegen.

Grunngjevinga for vedtaket er gitt i vurderinga ovanfor.

Vedtaket er heimla etter plan - og bygningslova §§ 7 og 17-2.

**04.11.2009 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**PLT-108/09 VEDTAK:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk vurderer omfanget av det omsøkte tiltaket i sjø som vesentleg. Å handsama søknaden som ei mindre vesentleg endring det kan gjevast dispensasjon til, vert avslegen.

Grunngjevinga for vedtaket er gitt i vurderinga ovanfor.

Vedtaket er heimla etter plan - og bygningslova §§ 7 og 17-2.

*Det vert her opplyst at utvalet samrøystes vedtok rådmannen sitt framlegg, men i vedtaket er det lagt til to ord i høve til rådmannens framlegg : **i sjø**.*

4. **Etter dette vedtaket**  
*orienterte kommunen om at båthamna måtte avklarast i kommuneplanssamanheng før det kunne startast opp arbeid med reguleringsplan. På vegne av Fløholmen AS vart det då sendt eit formelt innspel til det pågåande arbeidet med revisjon av kommuneplanen.*
5. **Så snart det var klart**  
*at det ikkje var innvendingar til småbåthamna i kommuneplanssamanheng og at hamna ville koma inn i den reviderte kommuneplanen, vart det, etter formelt oppstartsmøte med kommunen, sett i verk*
6. **Oppstart av arbeid med reguleringsplan**  
*for småbåthamna og den delen av landarealet som står i funksjonell samanheng med sjødelen : landfeste, opptrekk, plass for vinterlagring og vedlikehald, parkering og tilkomst.*
7. **Framlegg til reguleringsplan**  
*datert 03. 01. 2011vart handsama i HPLT 23. 03. 2011 sak 015/11 :*

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Detaljplan for Fløholmen med næringsareal og småbåthamn vert godkjent for offentlig ettersyn. Før planen kan leggjast ut må følgjande endrast:

- Planområdet vert utvida slik at fylkesvegen vert inkludert fram til krysset med Marøyvegen
- Na 1 må utvidast
- Grønholmen må inn som naturområde
- Det må inn sanitæranlegg i planen
- Føresegnene må oppdaterast etter endringar i kartet.
- Føresegnene må innehalde eit punkt om rekkjefølgje på utbyggingstiltaka.
- Alle arealføremål må beskrivast i føresegnene.

Grunngjeving for vedtaket er at framlegget til plan er i tråd med arealbruk som er foreslått i revidert kommuneplan. Arealbruken på land er i tråd med gjeldande kommuneplan.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11.

**23.03.2011 HOVUDUTVAL FOR PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK**

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**8. Etter dette vedtaket om offentlig ettersyn**

*hadde Fløholmens konsulent ein skriftleg dialog med Statens vegvesen om første strekpunkt i utvalets vedtak. Vegvesenet sende ein ny merknad der ein trekte attende varsel om motsegn og erstatta dette med eit ønskje om at det vart regulert inn fortau langs Fløholmsvegen. I denne dialogperioden gjekk fristen for å klaga på kommunens vedtak ut.*

**9. Reviderte plandokument**

- utvida plankart
- reviderte føresegner, med eit nytt punkt om at ei eventuell regulering av fortau langs Fløholmsvegen må handterast som ei eiga sak og tilleggsopplysningar til strekpunkta i vedtaket om offentlig ettersyn, vart sendt kommunen 28. 07. 2011

**10. Etter dette er følgjande gjort (mellom anna) :**

- møte mellom forslagsstillar og kommunes tekniske etat
  - møte mellom forslagsstillar og statens vegvesen
  - møte mellom kommunen og statens vegvesen
  - klage(-r) på sakshandsaminga, handsama av fylkesmann og departement
  - vegvesenet har presisert at ønsket om fortau langs Fløholmsvegen ikkje er relatert til småbåthamna men til ei eventuell større industriutvikling i området
  - meklingsforsøk frå lokalpolitikarar, i møte på staden
  - søknad om dispensasjon frå plankrav
  - handsaming i kommunestyret, som har stadfesta vedtaket i HPLT - grunngjeve med varsel om motsegn frå States vegvesen
  - oppmoding frå ordføraren i media, om dialog
  - skriv frå rådmannen : kommunestyret har avslutta reguleringsaka. Dialog må relaterast til oppstart av ny planprosess
  - skriv fra sakshandsamar ved teknisk etat : Pkt. 2.1 i føresegnene til kommuneplanen gjev heimel for å krevja regulering også av landarealet på Fløholmen
- Det vedtekte offentlege ettersynet av det innsendte planframlegget - med tilleggsopplysningar - er ikkje gjennomført.*

**11. Forstå Fløholmen - moment :**

- spørsmålet om regulering av fortau langs Fløholmsvegen er - frå styresmaktene si side - relatert til ei større industriutvikling i området, i storleiksorden 100 nye arbeidsplassar

- i noverande situasjon ligg det ikkje føre konkrete planar om ei slik industriutvikling
- kommuneplanen gjev i noverande situasjon ikkje heimel for å krevja regulering av landarealet på Fløholmen
- i og med at fortausspørsmålet - frå styresmaktene si side - er knytta opp mot ei større industriutvikling med eit større tal nye arbeidsplassar, er det då - i noverande situasjon - heller ikkje heimel for å krevja regulering av fortau langs Fløholmsvegen


## Konklusjon

Saka må leggjast fram for HPLT, til ny handsaming.

Utvalet må ta stilling til om småbåthamna likevel skal godkjennast som eit tiltak, som omsøkt i 2009.

I tilfelle utvalet vil oppretthalda reguleringskravet, må utvalet definera planoppgåva og planområdet :

- berre sjøområdet for småbåthamna, i tråd med plankravet i kommuneplanen
- sjøområdet og tilhøyrande landareal, i tråd med planframlegg innlevert i januar 2011
- med tillegg av plan for fortau langs fylkesvegen, i tråd med ønskje frå Statens vegvesen - som offentleg områdeplan
- med tillegg av eit større industriareal vest for noverande verksemd på Fløholmen i kombinasjon med delvis omlagt fylkesveg - som offentleg områdeplan utført i praktisk samarbeid med Fløholmen AS, under føresetnad av at den omsøkte småbåthamna først vert godkjend som tiltak.



24. februar 2015

*Vidar Pungj*